
Saknr: 2019/56-3
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Samandrag

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Vestland fylkeskommune.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møtebøker frå andre politiske utval i Vestland fylkeskommune. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særlig interesse i protokollane. Møtebøkene kan lastas ned frå heimesida til fylkeskommune, <https://innsyn.vlfk.no/innsyn/dmb>.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet vart i møte 25.11.2019 samde om å dela jobben med å lesa gjennom møtebøkene før møta i utvalet slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Fylkestinget	Odd Erik Lind
Fylkesutvalet	Dan Femoen
Finansutvalet	Iiril Schau Johansen
Hovudutval for opplæring og kompetanse	Ingrid Handeland
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	Renate Møgster Klepsvik
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon	Jostein Ljones
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	Lars Fjeldstad

Følgjande møteprotokollar er aktuelle å gjennomgå i dette møtet:

- Fylkestinget 17. - 18.12.2019
- Fylkesutvalet 13.11. og 03.12.2019 og 30.01.20
- Finansutvalet 24.10. og 13.11.2019
- Hovudutval for opplæring og kompetanse 28.11. og 02.12.2019 og 14.01.20
- Hovudutval for samferdsel og mobilitet 02.12.2019 og 15.01.2020
- Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 02.12.2019 og 16.01.2020
- Hovudutval for kultur, idrett og integrering 02.12.2019 og 21.01.2020

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgangen av protokollane vert det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga over til orientering.